



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Sendt via e-post til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Dykkar ref.:

Vår ref.: Andreas Moe Larsen

Dato: 01.06.2017

## Lokalitet Ospeneset (19655) – søknad om klarering av endra anleggskonfigurasjon

Eide Fjordbruk søker med dette om klarering av endra anleggskonfigurasjon for lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune. Bakgrunnen for søknaden er at ein må endra anleggskonfigurasjon for å oppnå produksjon i samsvar med maksimalt tillaten biomasse ved lokaliteten. Ein gjer merksam på at søknaden ikkje gjeld auke i maksimalt tillaten biomasse.

Lindås kommune skal handsama detaljreguleringsplan for akvakulturområde ved Langøy og Ospeneset den næraste tida. Etter planprogrammet skal reguleringsplanen handsamast fyrste gang 28. juni, før den blir sendt på høyring i sumar. Me håpar at Lindås kommunestyre med dette kan ta stilling til planen i møte 21. september i år. Dersom reguleringsplanen blir vedteke likt søknaden, vil ny konfigurasjon av anlegget liggja i areal avsett til akvakultur.

Fortøyingane til anlegget vil til liks med eksisterande fortøyingar strekkje seg ut i FNFF-området i Lindås kommune (bruk og vern av sjø og vassdrag). Ifølgje føresegnene til kommuneplanen punkt 6.2 andre setning, er ikkje arealføremålet til hinder for at naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur kan gå inn i slikt område.

Deler av eksisterande fortøyingliner sør for anlegget går innanfor registrerte gyteområde for torsk(kjelde Fiskeridirektoratet)

Deler av fortøyingane i aust kjem, som noverande fortøyingar, inn i område avsett til fiske i Masfjorden kommune sin kommuneplan. Kommuneplanen sine føresegner punkt 3 andre avsnitt gjev at føremålssona ikkje er til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur. Det lokale fiskeområdet er ikkje merkt av i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase.

I samband med endringa i anleggskonfigurasjon er det, knytt til rammefortøyinga, trong for ei ny fortøyingline som vert liggjande innanfor fiskeområdet i aust (merkt N5). Fortøyinglina frå rammefortøyinga vil bli lagt etter same metode som eksisterande fortøyingliner, med anker på djupne om lag 250 meter og med kjetting langs botn til ankerfeste på djupne om lag 18 meter i nord. Lina vil liggja vest for eksisterande liner.

To nye fortøyingliner knytt til fôflåten (merkt F5 og F6) ligg marginalt innanfor fiskeområdet. Fortøyinglinene frå fôflåten vert lagt med anker på djupne om lag 600 meter.

Tilbakemelding og erfaring frå lokale fiskarar som nyttar fiskeområdet er at eksisterande og føreslegne fortøyinganlegg ikkje er til hinder for det fisket som blir gjennomført i fiskeområdet, garnfiske etter lange, ref. Leif Inge Fagervik.

Eide Fjordbruk søker om å setje tre nye ringmerdar i sjøen, i rekke på nordsida og parallelt med eksisterande ringmerdar. Ein søker i tillegg om å flytta flåten til nordsida av anlegget, etter førespurnad frå naboar på Hodneland. Dette grepet vil redusera naboverkknadane av lokaliteten, og sikra areal til fritidsfiske utanfor Hodneland. Det er sett rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen om at flåten må flyttast samstundes som nye ringmerdar blir sett ut. Eksisterande fortøyingar vil då bli fjerna/flytta.

Ospeneset er ein lokalitet som etter Mattilsynet sitt regelverk har utsett av fisk hausten 2017. Neste utsett etter dette vil vera hausten 2019. Mattilsynet har sett ei grense for maksimalt tal på fisk i kvar merd til 200 000, og Eide Fjordbruk ønskjer av fiskevelferdsomsyn å setje ut om lag 150 000 fisk i kvar merd. For at ein då skal få nytta maksimal tillaten biomasse på 3 120 tonn i dette utsett, er det naudsynt å få lagt tre nye ringmerdar i sjøen.

Produksjonsplanen til Eide Fjordbruk tilseier at ein seinast må setje ut fisk ved Ospeneset innan slutten av oktober. Konsekvensane for Eide Fjordbruk sin produksjon dersom ein ikkje får sett ut nok fisk i haust vil vera store og gjelda for heile produksjonssyklusen 2017-2019. Dette vil gje verksemda eit betydeleg økonomisk tap.

Det vil ikkje vera mogleg å få sett ut nye ringmerdar etter vedtak om klarering av ny anleggskonfigurasjon dersom Hordaland fylkeskommune sin sakshandsaming startar etter at Lindås kommune har gjort endeleg vedtak om reguleringsplanen. Eide Fjordbruk søker difor om ei delvis parallell handsaming av klarering av endra anleggskonfigurasjon.

Lindås kommune sender etter planprogrammet ut reguleringsplanen til høyring og offentleg ettersyn i sommar. Tema for utgreiingane i reguleringsplanen er til dels overlappande med tema for høyringa om klarering av endra anleggskonfigurasjon. Eide Fjordbruk håper difor at Hordaland fylkeskommune kan senda klareringssøknaden til høyring i same tidsrom.

Eide Fjordbruk håpar i tillegg på velvilje med kort sakshandsamingstid frå organa som skal handsama søknaden. Vedtaka kan gjerne bli gjeve med atterhald om at kommunen vedtek detaljreguleringsplan, slik at dei er gjeldande frå akvakulturområdet sin planstatus er avklart.

Utfylt søknadsskjema og naudsynt underdokumentasjon ligg vedlagt. Ein viser særskilt til utgreiing av eventuelle konsekvensar av endringa i anleggskonfigurasjon (Rådgivende Biologer, vedlegg 9) og støyanalyse (Sweco, vedlegg 10). Desse dokumenta er utarbeidd i samband med reguleringsplanen for Langøy – Ospeneset, og skildrar difor begge desse akvakulturlokalitetane.

Dersom det skulle vera trong for ytterlegare dokumentasjon ber me om snarleg tilbakemelding.

Med helsing  
**Eide Fjordbruk AS**

Andreas Moe Larsen  
samfunnskontakt

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan signatur

Vedlegg:

1. Sjøkart 1:50 000
2. Kystsonekart 1:80 000
3. Olex-kart 1:10 000
4. Anleggskisse
5. Posisjonar anlegg
6. Posisjonar flåte
7. MOM-B-rapport 2017 (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
8. Straumrapport (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
9. Konsekvensutgreiing for marint naturmangfald og naturressursar
10. Støyanalyse
11. Beredskapsplan sjukdom og massedaud (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
12. Beredskapsplan rømming (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
13. Innhald brukarhandbok internkontrollsystem (u. off. etter offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13)
14. Kvittering for innbetalt gebyr
15. Utfylt søknadsskjema (.docx)
16. Utfylt søknadsskjema (pdf)

Uskrivne vedlegg:

Dokument i sak om reguleringsplan for akvakulturområde Langøy – Ospeneset i Lindås kommune. (Kommunen sitt saksnummer 16/2379).